



AGNAR SIGURD KLEIVEN
STORBRUHAUGEN 23
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18451 - 23/53608

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:
29.06.2023

Kunngjering av vedtatt plan

MELDING OM PLANVEDTAK

Detaljregulering for Åtun, gnr. 108 bnr. 161

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 22.06.2023 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Åtun, gnr. 108 bnr. 161, PlanID 4631 2021 004, som vist på plankart sist datert 24.03.23 og med føresegner av revisjonsdato 26.05.23.»

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl § 12-4.

SAKSDOKUMENT

Godkjent reguleringsplan med tilhøyrande dokument er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#) og i digitalt planarkiv [arealplaner.no](#).

OM KLAGE

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen stilast til:

- Alver kommune, Plan v/Arealforvaltning, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller
- som e- post til post@alver.kommune.no

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

ERSTATNING/INNØYSING

Krav om erstatning etter pbl § 15-2 og krav om innløyning etter den same lova § 15-3 må setjast fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.